



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/304 - 18/38184

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.12.2018

## Mellombels bruksløyve 4-mannsbustad - gbnr 141/84 Kvamme nedre

### Administrativt vedtak. Saknr: 695/18

**Tiltakshavar:** Majo Eigedom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.04.2018.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. En del utvendig permanent sikring, uteområde blir sikret med anleggsgjerde inntil uteområdet er ferdig.
2. Den ene uteboden blir satt opp etter at mur mot BKS2 er ferdig.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.05.19

Ansvarleg søkjar hoar opplyst at kommunen vil ha stadfesting på at følgjande arbeid er utført innan 14.12.18:

1. Rekkverk på terasserer.
2. Mellombels sikring av uteområde med anleggsgjerde.
3. Brannvarslingsanlegg seriekoblet.

Ansvarleg sjølar har telefoisk og per epost den 20.12.18 opplyst at ovennemnde er utført.



Det vert elles vist til søknad motteken 30.11.18, endelg supplert med mellombels bruksløyve i sak 17/1245, administrativt vedkta saknt.: 649/18 den 20.12.18.

## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

## Skildring

Adresse:	Stølshaugane 1 A, 1B, 1C og 1D
Bygningstiltak:	4-mannsbustad
Bygningsnummer:	300702229
Bruksareal:	316 m <sup>2</sup>
Vatn og avløp:	Offentleg
Tal på røykløp:	4

## VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for 4-mannsbustad på eigedom gbnr. 141/84. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.05.19.**

## Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/304

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ